



**Det er framleis stor og aukande interesse blant bøndene i dalen for å satsa på dyrkingsprosjekt. I dei siste åra er det nydyrka eller rusta opp betydelege areal og det stoppar slett ikkje no. 2 nye prosjekt er meldt inn til kommunen berre den siste veka og begge er i Hauglandområdet.**

\* Over er skissa av eit felt som Arne Johannes Haugland ynskjer å forbetra. Det ligg nedafor brua som ein køyrer over når ein skal til kalkstasjonen (sjå skissa, brua er nede til venstre). Han skriv

til kommunen at han vil sprengja bort fjell og seinka terrenget for betre å kunna driva arealet.

\* Under er skissa av eit felt som Trond Lekva Myklebust ynskjer å opparbeida. Det er på 6 mål og ligg ved det tidlegare sandtaket. Han vil retta av det bratte terrenget og så dyrka. Det er viktig å auka driftsgrunlaget på garden som i dag har 57 dekar dyrka mark.

Av Ola Matti Mathisen



